



To kvinner frå distriktet på veg til jobben var uheldige litt over klokka 7 i dag tidleg. Dei var på veg sørover og føraren fekk sladd på bilen mellom Kvednavikjo og Ljosnes.

Bilen kom på tverke og køyrde inn i fjellveggen. Den fekk betydelege skader i fronten.

Dei to i bilen fekk til alt hell berre lettare skader. Dei måtte ikkje køyrast til sjukehus men var til legesjekk.

Det var truleg ikkje spesielt glatt på ulukkesstaden. Trafikken var stor på fylkesvegen på denne tida, men folk frå lensmannskontoret ordna ein smidig avvikling. På biletet blir bilen fjerna av Viking.

(Foto: Ola Matti Mathisen)